
Dokument delt ut under OS 6/18 i THO 22.02.18



VOLDA KOMMUNE

Kulturavdelinga

Arkivsak nr.
2018/339

Løpenr.
2010/2018

Arkivkode

Avd/Sakshandsamar
KUN/ ASTGJE

Dato
06.02.2018

Til
Frivillige lag i Volda

Invitasjon til sosial dugnad- blåse liv i Kaffistova

Dette brevet går til dykk som driv aktivitet, song, musikk, handarbeid, hobbyaktivitetar, og samlingar kring ulike tema, i sentrum og i bygdene i kommunen vår. Med dette vert de inviterte til ein sosial dugnad om å blåse liv i kafeen v. Volda omsorgssenter, Kaffistova!

Kaffistova er eit fint lokale som står tomt så godt som dagleg etter kl. 16.00. I etasjane over og i bustadane rundt bur mange, og gjeldande for fleire av laga, - tidlegare aktive medlemer, og dette gjeld lag frå alle delar av kommunen. Det kan vere at ein av fysiske årsaker ikkje er flakkefør, at ein ikkje lenger har førarkort, eller at livssituasjonen av andre årsaker har endra seg slik at det kan kjennast tungt å vere i sosiale lag, likevel, dei fleste som har vore sosiale og engasjerte, sluttar ikkje å vere det, men det kan vere at ein kan trenge ein «dytt» i form av ei oppmoding, ein arm, eller tilbod om skyss. Gleda over å verte tenkt på og rekna med er ei kjensle som varer ei stund.

Planen er å invitere dykk til å legge ei øving, eit møte, eit treff, alt etter kva type lagsaktivitet de driv, til Kaffistova, 1-2 gongar i løpet av 2018. På denne måten kan nokre som tidlegare har hatt glede av å delta i aktiviteten få kjenne denne gleda igjen, og få treffe gamle kjenningar. Håper de som oss tykkjer dette er ein glimrande idé, og vert med!

Så det vi ber om er at de melder til: astrid.gjersdal@volda.kommune.no, eller tlf 917 25 639:

- konkrete datoar, og gjerne fleire aktuelle, slik at vi har litt meir å planlegge ut ifrå
- kva de treng av tilrettelegging av lokalet. Treng de lyd/mikrofonar, spesielt bordoppsett etc.
- om de har høve til å stille med nokre frivillige som kan hjelpe til med å følge dei som har lyst til å delta som bur i ei sjukeheimsavdeling eller i omsorgsbustad
- om det er mulig å få til å hente og bringe til og frå private heimar, dette kan også vere heimebuande frå eiga bygd. Køyreutgifter til dette vert dekte.

Det vil ut frå tilbakemeldingane frå dykk verte sett opp eit program som vert distribuert til alle avdelingane, og sendt med heimetenesene. I tillegg vil vi annonsere treffa gjennom Møre og sosiale medium. Treffa må føregå i tidsromet 17-20. Vi gler oss til å høyre frå dykk!

Volda, 7. februar 2018

Beste helsing

Astrid Gjersdal
-frivilligsentralen i Volda-

Manuela Erlbeck og Norunn Glomnes
-frivilligkoordinatorar i eldreomsorga i Volda kommune-

Folkestadtun:

- Kvar 6 veke kjem røde kors med kaffe og kake.
- Helselaget kjem første onsdag i månaden og har med seg mat.
- Andakt 1 gong pr. måned.
- **Besøksvenn/aktivitetsvenn**

Nilletun:

- Valborg Hustadnes kjem annakvar mandag til lesestund (Leseombod)
- Røde kors 1 gong i månaden.
- Arrangement i regi av « Den Kulturelle Spaserstokken»
- **Elevar frå vg 2 helsefag kjem annan kvar torsdag**
- **Besøksvenn/aktivitetsvenn**

Fjordsyn:

- Diakoni nemnda 1 gong i månaden andakt og song.
- Røde kors 1 gong i månaden felles kaffe og song.
- Andakt 1 gong pr. måned.
- Arrangement i regi av « Den Kulturelle Spaserstokken»
- **Elevar frå vg 2 helsefag kjem annan kvar torsdag**
- **Leseombud annakvar måned(roterer på dei ulike avdelingane)**
- **Barnehagar, besøkshund og babybesøk skal begynne**
- **Besøksvenn/aktivitetsvenn**

Omsorgsenter:

- Annakvar tysdag kjem syngedamene.
- Andakt kvar torsdag.
- Kvar tysdag kl.17.00 er det enten Betel, Eben-Eser, Bedehuset, Frelsesarmeen.
- Konsert ca. 1 gong i månaden. Arrangement i regi av « Den Kulturelle Spaserstokken»
- Seniorshop 3-4 gonger i året.
- Rullatormaraton 1 gong i året.
- **Elevar frå vg 2 helsefag kjem annan kvar torsdag**
- **Barnehagane (Engesth og Øyra) kjem en gang i veka**
- **Besøkshund roterer**
- **Babybesøk**
- **Leseombud roterer en gang pr.veke**
- **Besøksvenn/aktivitetsvenn**

Barstadtun:

- Ungdomsskuleelevar som har valfag «innsats for andre» kjem anna kvar onsdag til FS.
- Besøksvenn/aktivitetsvenn
- Elevar frå vg 2 helsefag kjem annan kvar torsdag til FG.
- Babybesøk
- Besøkshund

Ellers:

- Stein Osvoll stiller opp som sjåfør på tura dersom det er behov
- Motiview trimm sykkel.
- Direktesending med 12. konsert frå kyrkja
- Besøk fra ungdomsskuleelevar som gjer ulike aktiviteter la med bebruarane.
- Prosjekt «blåse liv i kaffestova»
- Adventsfest/vårfest i lag med Vg 2 elevane